

Jøsok Prosjekt AS  
Per Ole Jøsok  
Postboks 169 Kokstad  
5863 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/151 - 22/8979

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)


Dato:  
15.03.2022

## Svar på forelegging for 22 kV sjøkabel mellom Djupvikneset og Fosse


Alver kommune viser til forelegging av 22 kV jordkabel over Radsundet mellom Djupvikneset og Fosse mottatt 07.01.2022.

Tiltaket gjeld «22 kV-fjordspenn over Radsundet mellom Djupvikneset og Fosse er bygget på 1950-tallet. Det nærmer seg sin tekniske levetid og må derfor fornyes. BKK Nett AS har vurdert flere alternative traséalternativer og byggemetoder, men mener at det beste alternativ er å legge ny sjøkabel over sundet. Ved begge landtakene blir kablene gravd ned som konvensjonell grøft og kablene blir forankret i fjell. På Juvik blir kabelen lagt ut nær eksisterende VA-rør. I landtakene og ned til ca. 15 m dybde, vil kablene spyles ned dersom bunnforholdene tillater det. Man vil også vurdere ekstra beskyttelse med betonglokk e.l. Jordkabel på land vil i utgangspunktet graves ned i konvensjonell grøft, men man vil benytte borehull der det er fornuftig. Dagens 22 kV fjordspenn vil bli revet som følge av tiltaket».


### Situasjonskart



Illandføring i Juvika




Utsnitt KDP



Illandføring Fosse



Utsnitt KDP



Utsnitt reguleringsplanen fv. 404



## **Planstatus**

Hovuddelen av tiltaket ligg innanfor kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen. På Fosse ligg ein del av tiltaket innanfor reguleringsplanen for FV 404, planid 1263-201112.

Ilandføringspunkt ved Djupvikneset ligg i område som er avsett til LNF-føremål. Traseen vil liggja delsvis innafor fareområde H310 ras- og skredfare. Det same gjeld ilandføringspunkt ved Fosse. Både området på land og i sjø er omfatta av omsynspona H570 bevaring kulturmiljø - den indre farleia.

Tiltaket som ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø vil i utgangspunktet verta råka av byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Byggegrensa mot vassdrag er 20 meter, jf. føresegns 2.6 i kommunedelplanen.

Det går fram av føresegns 2.6 i planen at

*Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege.*

Området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Det går fram av føresegns 3.5.1 at Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum og telenett, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.

Det går fram av reguleringsplanen for FV 404, pkt. 1.5 at

*Kablar og kommunaltekniske anlegg Slike anlegg under bakkenivå kan leggast der det er tenleg alle stader i planområdet i samråd med vegstyresmaktene.*

## **Vurdering**

Det er opplyst i søknaden at kabelen vert gravd ned ved ilandføringspunktet i konvensjonell grøft og at kablane vert forankra i fjell. Der det er mogleg vil kabelen verta lagt i borehol.

I den grad kabelen i sin heilskap vert gravd ned/lagt i borehol og terrenget vert reetablert vurderer vi at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå plangrunnlaget eller byggeforbodet langs sjø og vassdrag. Dersom kabelen vert lagt synleg, på fjell eller det skal etablerast nye tiltak som stolpar, skap og liknande vil tiltaket krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med arealføremålet i sjø.

Forholdet til moglege kulturminne ved etablering av tiltak på land og i sjø må avklarast med Vestland fylkeskommune og Bergen sjøfartsmuseum.

### Særskild for tiltak ved Djupvikneset

Riving av eksisterande mast og oppføring av ny endemast ved Djupvikneset vert vurdert å ikkje krevja dispensasjon.

Ved ilandføringspunktet i Juvika går det ut ein bekk i sjø. Løyve etter vassressurslova kan vera nødvendig. Det er statsforvaltaren som fattar vedtak etter denne lova.

I den grad det skal gjerast tiltak i faresone ras- og skredfare må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik, jf. plan- og bygningslova §§ 28-1 og 29-5.

Byggegrensa langs fylkesveg er 50 meter frå midt veg. Dersom tiltaket kjem i konflikt med byggegrensa langs fylkesveg 565 Radøyvegen kan dispensasjon etter veglova vera nødvendig. Endeleg avklaring må gjerast med Vestland fylkeskommune.

Særskild for tiltak ved Fosse

Reguleringsplanen opnar for etablering av kablar under bakken i samråd med vegstyresmakta. Tiltaket må avklarast med Vestland fylkeskommune. Det same gjeld kryssing av fylkesvegen. Etablering av nye tiltak innanfor ein avstand på 50 meter frå midt fylkesveg kan krevja søknad om dispensasjon frå byggegrense i samsvar med veglova sine reglar. Vestland fylkeskommune er vegstyremakt.

Vi vurderer elles at oppføring av ny endemast ved riving av eksisterande luftspenn ikkje vil krevja dispensasjon frå arealføremål.

Plan- og bygesaksavdelinga har vurdert forelegginga i forhold til gjeldande plangrunnlag. Vi legg til grunn at nødvendig avklaring med Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren og andre styresmakter vert gjort.

Det går fram av kommunen sitt sanitærreglement at etablering av nye tiltak i ein avstand på inntil 4 meter frå kommunalt leidningsnett krev særskild samtykke. Det går communal vassleidning gjennom Djupvika. Illandføring av ny sjøkabel i her må derfor avklarast direkte med kommunen si avdeling for Samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning.

Vi legg elles til grunn at planlagt tiltak er del av områdekonsesjonen til BKK og at tiltaket er unntatt frå krav om søknad og løyve etter plan- og bygningslova kapittel 20, jf. SAK10 § 4.3 pkt. c, samt at nødvendige privatrettslege forhold er avklart.

Kopi følgjer til Kystverket, jf. brev datert 05.01.2022 der Kystverket ber om uttale.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kystverket

Postboks 1502

6025

ÅLESUND

**Mottakarar:**

Jøsok Prosjekt AS

Postboks 169 Kokstad

5863

BERGEN